


Eigedomsinngrep

VEILEDNING

Håndbok V740



Håndbøker i Statens vegvesen

Dette er en håndbok i Statens vegvesens håndbokserie. Vegdirektoratet har ansvaret for utarbeidelse og ajourføring av håndbøkene.

Denne håndboka finnes kun digitalt (PDF) på Statens vegvesens nettsider, www.vegvesen.no.

Statens vegvesens håndbøker utgis på to nivåer:

Nivå 1: • **Oransje** eller • **grønn** fargekode på omslaget – omfatter *normal* (oransje farge) og *retningslinje* (grønn farge) godkjent av overordnet myndighet eller av Vegdirektoratet etter fullmakt.

Nivå 2: • **Blå** fargekode på omslaget – omfatter *veiledning* godkjent av den avdeling som har fått fullmakt til dette i Vegdirektoratet.

Eigedomsinngrep

Nr. V740 i Statens vegvesens håndbokserie

ISBN: 978-82-7207-678-7

Forord

Veglova § 50 har denne ordlyden:

«Mot vederlag etter skjønn til den det råkar, kan eigedomsinngrep settast i verk etter vedtak av vegstyremakta så langt ho finn at det trengs til bygging, utbetring, vedlikehald og drift av riksveg, fylkesveg eller kommunal veg. Slikt eigedomsinngrep kan òg gjelde grunn og rettar til bate for tredjemann så langt det trengs for vegen eller ferdsla på vegen eller for å skaffe tredjemann tilgjenge til offentleg veg.

Til bate for ein som lyt tola eigedomsinngrep etter første leden, kan vegstyremakta gjere vedtak om at det skal gjerast eigedomsinngrep hjå ein annan eigar eller rettshavar, så framt skaden eller ulem-pene då alt i alt vert monaleg mindre.

I vedtak om eigedomsinngrep kan vegstyremakta heilt eller delvis overlate til skjønnnet å ta avgjerd om kva inngrepet skal gå ut på eller kva omfang det skal ha. Skjønnnet kan då òg gjere vedtak etter andre leden i paragrafen her. Skjønnnet kan fastsette at det ved eigedomsinngrep etter denne para-grafen skal ytast grunn som vederlag for grunn og rettar som blir avstått.

Kongen kan gi føresegner om saksføreavinga etter paragrafen her.»

Den 20. januar 1965 delegerte Samferdselsdepartementet styremakt til å gjere vedtak etter veglova § 50 for riksveg til vegsjefane. Etter at veglova § 50 blei endra i 1981, blei denne delegasjonen stadfesta av Samferdselsdepartementet i brev av 20. oktober 1981. Etter omorganiseringa av Statens vegvesen som tok til å gjelde frå 1. januar 2003, gjeld delegasjonen i høve til regionvegkontora.

Kven som har heimel til å gjere vedtak om eigedomsinngrep for fylkesveg og kommunal veg, følgjer av veglova § 9, andre og tredje ledd. Styremakta kan vere delegert etter føresegnene i lova.

Med heimel i veglova § 50 fjerde ledd blei det ved kronprinsregentens resolusjon av 15. januar 1965 vedtatt føresegner om saksføreavinga ved eigedomsinngrep. Etter at veglova § 50 blei endra i 1981, blei det ved kongeleg resolusjon av 11. september 1981 vedtatt nye føresegner om saksføreavinga. Desse føresegnene blei, saman med kommentarar til dei enkelte paragrafane, inntatt i Handbok 086 Eigedomsinngrep, datert oktober 1981.

Ved kongeleg resolusjon av 27. august 2004 blei §§ 3 og 4 i desse føresegnene endra. Endringane blei gjort hovudsakleg fordi Vegvesenet sin planleggingsheimel i veglova § 12 blei oppheva, og fordi plan- og bygningslova blei endra. Endringane blei tatt inn i Handbok 086 datert september 2005.

Den 6. mai 2014 vedtok Samferdselsdepartementet ei ny endring i føresegnene. Endringa har sin bakgrunn i at vi har fått ei ny plan- og bygningslov. Endringa gjaldt §§ 3 og 4 i føresegnene og blei gjort for å få riktige tilvisingar til den nye lova. Endringa var såleis berre av teknisk art.

Den 13. desember 2016 blei føresegnene igjen endra. Som følgje av opprettinga av selskapet Nye Veier AS 1. januar 2016 blei det tilføyd ein ny § 6 om fullmakt for selskapet til å krevje skjønn

Denne handboka inneheld føresegnene slik dei lyder etter endringa. Vidare inneheld den Vegdirektoratets kommentarar til føresegnene.

Vegdirektoratet
August 2017

Innhold

Forord	3
Føresegner om eigedomsinngrep gitt med heimel i veglova § 50, 4. ledd	5
§ 1 Kva føresegnene gjeld	5
§ 2 Minnelege forhandlingar og eigedomsinngrep	5
§ 3 Plankrav	5
§ 4 Unntak frå plankrav	5
§ 5 Forholdet til kommunen	6
§ 6. Fullmakt til å krevje skjønn	6
§ 7 Når føresegnene tek til å gjelde	6
Vegdirektoratets kommentarar til føresegnene:	7
Til § 1 Kva føresegnene gjeld	7
Avgrensing	7
Allmenne reglar om eigedomsinngrep	7
Til § 2 Minnelege forhandlingar og eigedomsinngrep	8
Til § 3 Plankrav	9
Til § 4 Unntak frå plankrav	10
Til § 5 Forholdet til kommunen	11
Til § 6 Fullmakt til å krevje skjønn	12
Til § 7 Når føresegnene tek til å gjelde	12

Føresegner om eigedomsinngrep gitt med heimel i veglova § 50, 4. ledd

§ 1 Kva føresegnene gjeld

Føresegnene gjeld eigedomsinngrep til riks-, fylkes- og kommunal veg etter veglova § 50.

§ 2 Minnelege forhandlingar og eigedomsinngrep

Før vedtak om eigedomsinngrep kan gjerast, skal vegstyremakta, eller kommunen i saker som blir fremma etter § 5 første eller andre ledd i føresegnene her, prøve å nå fram til semje med dei inngrepet råkar.

Unntak frå regelen i første ledd kan gjerast når vegstyremakta

- a) ser det som rådlaust å nå fram til semje eller
- b) finn at saka er av ein slik karakter eller eit slikt omfang at det ikkje ligg til rette for minnelege forhandlingar

§ 3 Plankrav

Vedtak om eigedomsinngrep kan berre gjerast når det ligg føre vedteken reguleringsplan etter plan- og bygningslova.

Vedtak kan ikkje gjerast dersom det har gått meir enn 10 år sidan reguleringsplanen blei kunngjort etter plan- og bygningslova § 12-12.

* Endra ved forskrifter 27 aug 2004 nr. 1217, 6. mai 2014 nr. 609

§ 4 Unntak frå plankrav

Regelen om plankrav etter § 3 gjeld ikkje for:

- a) små inngrep i samband med vedlikehald, drift og mindre utbetringar av offentleg veg, så langt dette ikkje er i strid med plan etter plan- og bygningslova eller med plan- og bygningslova § 12-1.
- b) inngrep i samband med tiltak utanfor reguleringsområdet (leidningar, lokale støyttiltak, anleggsvegar ol.), så langt dette ikkje er i strid med plan etter plan- og bygningslova eller med plan- og bygningslova § 12-1.
- c) vedtak etter § 50 første ledd, siste punktum og § 50 andre ledd.
- d) avgjerd som tingretten tek etter § 50 tredje ledd.

* Endra ved forskrifter 13. des 2002 nr. 1603 (i kraft 1 jan 2003), 27 aug 2004 nr. 1217, 6 mai 2014 nr. 609.

§ 5 Forholdet til kommunen

Vegstyremakta skal på vanleg måte gjere vedtak om eigedomsinngrep i saker der kommunen er pålagt å stå for gjennomføringa av eigedomsinngrep til

- a) riksveg med heimel i veglova § 14, og
- b) fylkesveg med heimel i veglova § 15.

Den vegstyremakta som har heimel til å gjere vedtak om eigedomsinngrep for riks- eller fylkesveg, kan avtale med kommunen at denne skal stå for gjennomføringa av eigedomsinngrepet.

Pålegg etter første ledd eller avtale etter andre ledd i denne paragrafen gir kommunen fullmakt til å krevje skjønn.

§ 6. Fullmakt til å krevje skjønn

Når vegstyremakta skal gjere vedtak om eigedomsinngrep knytta til riksveg som skal byggjast ut av eit statleg utbyggingsselskap for veg, har utbyggingsselskapet fullmakt til å krevje skjønn. Staten ved utbyggingsselskapet er part i saka. Det same gjeld ved avtaleskjønn knytta til vegar som utbyggingsselskapet skal byggje ut. Vegstyresmaktene avgjer spørsmål om anke og om det skal krevjast overskjønn.

0 Tilføyd ved forskrift 13 des 2016 nr. 1598 (i kraft 1 jan 2017)

§ 7 Når føresegnene tek til å gjelde

Føresegnene her tek til å gjelde frå 1. oktober 1981. Frå same tid trer kronprinsregentens resolusjon av 15. januar 1965 om «forskrifter om behandling av saker om eiendomsinngrep etter vegloven», og kongelig resolusjon av 12. august 1966 om «endringar og tillegg i forskrifter om behandling av saker om eiendomsinngrep etter vegloven» ut av kraft.

0 Endra ved forskrift 13 des 2016 nr. 1598 (i kraft 1 jan 2017, tidlegare § 6)

Vegdirektoratets kommentarar til føresegnene:

Til § 1 Kva føresegnene gjeld

Avgrensing

Eigedomsinngrep etter veglova er tvangsinngrep til vegformål, jf. definisjonen i veglova § 49. Desse føresegnene gjeld for eigedomsinngrep etter veglova § 50.

Føresegnene gjeld ikkje for eigedomsinngrep etter veglova § 51 om vegbrot mv. Førehavingsmåten i samband med vedtak etter veglova § 51 er regulert i ordlyden i siste ledd i paragrafen.

Føresegnene gjeld heller ikkje for eigedomsinngrep etter veglova § 53 om private vegar.

Allmenne reglar om eigedomsinngrep

Vedtak om eigedomsinngrep etter veglova § 50 er eit forvaltningsmessig enkeltvedtak. Føresegnene inneheld ikkje allmenne reglar om saksførehavinga i samband med slike vedtak. Dette blir regulert av forvaltningslova, jf. veglova § 11.

Ved førebuing av eit enkeltvedtak, til dømes om eigedomsinngrep, gjeld forvaltningslova § 16 om førehandvarsling til dei som blir råka av inngrepet, og § 17, første ledd om den utgreiingsplikta forvaltningsorganet har. Etter § 17, andre og tredje ledd, har forvaltningsorganet i visse høve plikt til å informere partane om opplysningar som ligg føre i saka. Med heimel i forvaltningslova § 11, siste ledd, har Justisdepartementet den 15. desember 2006 gitt føresegner om forvaltningsorgan si rettleiingsplikt i høve til partane i saka.

Etter oreigningslova § 30 gjeld føresegnene i oreigningslova så langt dei høver ved oreigning med heimel i veglova. Den sentrale føresegna i oreigningslova er § 2, andre ledd om at vedtak om eigedomsinngrep ikkje kan gjerast «utan at det må reknast med at inngrepet tvillaust er til meir gagn enn skade». Føresegnene om varslings- og utgreiingsplikt i forvaltningslova skal sikre at vedtaksorganet har godt nok grunnlag for å foreta denne interesseavveinga.

Føresegner om saksbehandling har ein òg i kap. II i oreigningslova, og på eit par punkt er desse strengare enn forvaltningslova. Såleis gir desse føresegnene ikkje høve til, slik forvaltningslova gjer, i særskilde tilfelle å gjere unntak frå kravet om førehandvarsling og frå kravet om at vedtaket skal grunnjevast. Ut frå det som er uttalt i Ot. prp. nr. 43 (1957) gjeld ikkje desse føresegnene ved oreigning med heimel i veglova, men på desse to punkta må føresegnene likevel følgjast.

Vedtak om eigedomsinngrep vil oftast byggje på vedteken reguleringsplan. Når dette er tilfelle, vil kravet i forvaltningslova § 17 første ledd om utgreiing av saka, i utgangspunktet vere oppfylt gjennom førehavinga av planframlegget. Det kan likevel tenkjast at det ut i frå ei interesseavveiging etter oreigningslova § 2 ikkje er grunnlag for å gjennomføre den vegløyninga som er vist i planen, eller element ved denne løysinga. Dette kan til dømes vere tilfelle der det har gått lang tid sidan planvedtaket blei gjort eller det av andre årsaker har skjedd ting som får noko å seie for interesseavveinga. Når det gjeld tidsaspektet, går det fram av § 3 i desse føresegnene at det er ei absolutt grense for kor gamle planane kan vere. Dersom det er gått meir enn 10 år sidan planen blei kunngjort etter plan- og bygningslova § 12-12, kan ein ikkje gjere vedtak om eigedomsinngrep på grunnlag av planen. Dette er same regel som ein har i § 16-2 i plan- og bygningslova og som gjeld ved oreigning med heimel i denne paragrafen.

Som nemnt, skal vedtak om oreigningsinngrep alltid grunngjevast. Det må gå fram av grunngjevinga at saka er nok greidd ut til at ein har kunna gjere den interesseavveinga som er nødvendig etter oreigningslova § 2.

Vedtak om eigedomsinngrep etter veglova § 50 kan påklagast etter reglane i forvaltningslova, kap. VI.

I samband med vedtak etter veglova § 50 er det grunn til å minne om at planvedtak kan påklagast av partane i saka. Dersom vedtaksorganet, klageinstansen eller anna overordna organ ikkje fastset noko anna, kan vedtak om eigedomsinngrep likevel gjerast før klagebehandlinga i samband med planvedtaket er avslutta, jf. forvaltningslova § 42, 1. ledd. Viss det sidan blir søkt om å starte arbeidet før skjønn er halde, jf. oreigningslova § 25, vil løyve i regelen ikkje bli gitt før klaga over planvedtaket er behandla.

I samsvar med veglova § 50 er det vegstyremakta som i kvart tilfelle fastset kva for eigedomsinngrep som «trengs til bygging, utbetring, vedlikehald og drift» av offentleg veg. Føresegnene inneheld ikkje noko som får innverknad på slike avgjerder.

Med heimel i veglova § 9 delegerte Samferdselsdepartementet den 20. januar 1965 styremakt til å gjere vedtak etter veglova § 50 for riksveg til vegsjefane, jf. rundskriv nr. 6/65 V. I samband med at veglova § 50 blei endra ved lov av 29. mai 1981 nr. 39, blei denne delegasjonen stadfesta, jf. Samferdselsdepartementets brev av 20. oktober 1981. Ved lovendring av 21. juni 2002 blei veglova § 10 endra slik at det skal vere 5 regionvegkontor i staden for 19 vegkontor. Det blei gjort ein teknisk gjennomgang av lova slik at den myndigheit som etter lova var lagt til vegkontora blei lagt til regionvegkontora. Så lenge det ikkje er gjort endring i nemnde delegasjon, vil delegasjonen etter omorganiseringa av Statens vegvesen, gjelde i høve til regionvegkontora. Tilsvarande delegasjonar har i stor utstrekning òg skjedd når det gjeld fylkesveg. Desse føresegnene gjer ingen endringar når det gjeld desse delegasjonsvedtaka.

Til § 2 Minnelege forhandlingar og eigedomsinngrep

Både i samband med planlegging og grunnverv til vegformål er det viktig å oppnå god kontakt med dei som eig grunn og rettar i det området vegen skal byggjast. Forhandlingar om erstatning mv. er ein naturleg og viktig del av denne kontakten. Det må leggjast stor vekt på å få til minnelege avtalar.

Etter føresegnene er hovudregelen at vegstyremakta ikkje kan gjere vedtak om eigedomsinngrep før minnelege forhandlingar er prøvde. I visse tilfelle kan det gjerast unntak frå dette kravet.

Omfattande og juridisk kompliserte saker kan vere vanskelege å løyse gjennom minnelege forhandlingar. I slike saker kan det vere rett å sløyfe forhandlingane. Det same gjeld når grunneigarane, mellom anna på grunn av store reguleringar, ikkje godtek dei planane som er vedtekne. Dersom vegstyremakta meiner at ein av unntaksføresegnene i § 2 skal brukast, slik at det kan gjerast vedtak om eigedomsinngrep sjølv om det ikkje er gjennomført minnelege forhandlingar, må dette gå fram av vedtaket om eigedomsinngrep. Det må samtidig gjerast greie for kvifor vilkåra for å gjere bruk av unntaka er oppfylt.

Forholdet mellom minnelege forhandlingar og eigedomsinngrep er òg vurdert i forarbeida til veglova. På side 109 i innstillinga frå Veglovkomiteen av 1951 heiter det at komiteen i sitt framlegg til skjønnsreglar:

«ikke har tatt inn noe krav om at det alltid foran ekspropriasjonsskjønn skal være forsøkt truffet en minnelig overenskomst om betaling. Derimot er det komiteens bestemte forutsetning at dette alltid blir gjort. Et formelt krav i selve loven om forsøkt overenskomst innebærer den betenkelighet at det kan bli oppfattet som en nødvendig forutsetning for at ekspropriasjonsskjønn skal kunne avholdes og føre til diskusjon om det har vært ført konkrete forhandlingar og om eieren har avvist en minnelig ordning.»

I Ot. prp. nr. 53 (1961-62) Om ny veglov heiter det på side 92:

«.....departementet (vil) erklære seg enig med Veglovkomiteen i dens forutsetning..... at det alltid søkes truffet en minnelig ordning ved eiendomsavståelse mv. om betaling av erstatning, slik at skjønnsprosedyre kan unngås.»

Til § 3 Plankrav

Før det kan gjerast vedtak om eigedomsinngrep etter veglova § 50, skal det i utgangspunktet liggje føre ein plan for det tiltaket som skal gjennomførast. Unntak frå denne regelen går fram av føresegnene § 4, og desse vil bli behandla nedanfor.

I denne samanhengen bør det nemnast at reglane om plankrav ved eigedomsinngrep òg gjeld som vilkår etter den fullmakta regionvegkontora har til å gjere avtalar med grunneigarar og rettshavarar i samband med grunnerverv til riksveg. Ein kan såleis i hovudsak ikkje inngå slike avtalar utan at det ligg føre godkjend plan.

I samband med minnelege forhandlingar gjeld det likevel unntak frå desse reglane ved bruk av midlar for:

- Sikring av grunn og rettar i framtidige vegliner
- Eigedomskjøp med det siktemålet å kunne rive bygningar eller få stansa verksemd ut frå omsynet til straksverknader for drift, tryggleik og trafikkavvikling

I desse tilfella kan det gjerast avtalar om grunnerverv etter særlege fullmakter utan at det ligg føre planvedtak.

Fullmakta regionvegkontora har fått til å inngå avtalar om grunnerverv er elles ikkje slik å forstå at det er eit strengare plankrav i samband med slike avtaler enn det etter føresegnene her er ved oreigning.

Når det ligg føre vedteken reguleringsplan for eit vegprosjekt, er det oreigningsheimel både i veglova og plan- og bygningslova. Vegstyremakta, jf. veglova § 9, kan gjere vedtak om eigedomsinngrep etter veglova § 50, medan kommunen har rett til oreigning etter plan- og bygningslova § 16-2. Staten har òg rett til oreigning etter § 16-2 i plan- og bygningslova, jf. òg § 16-11 i lova, men denne retten kan ikkje Statens vegvesen i praksis nytte seg av fordi oreigningslova § 5 første ledd ikkje gir høve til å delegere retten til regionvegkontora. Ein ser det slik at det heller ikkje er behov for denne oreigningsheimelen fordi ein har fullgod heimel i veglova § 50.

Når regionvegkontoret gjer vedtak om oreigningsinngrep etter veglova § 50 for riks- eller fylkesveg, vil regionvegkontoret under skjønnet stå som saksøklar på vegne av stat eller fylke. Når kommunen gjer vedtak om eigedomsinngrep etter plan- og bygningslova § 16-2, er det kommunen som vil stå som saksøklar. Regionvegkontoret vil berre få status som partshjelpar.

På bakgrunn av at staten normalt har det økonomiske ansvaret for grunnerverv til riksvegformål, vil det vere naturleg at desse sakene blir fremma med heimel i veglova § 50.

Når det gjeld regelen om at vedtak om oreigning ikkje kan gjerast dersom det har gått meir enn 10 år sidan reguleringsplanen blei kunngjort, er denne nærare omtala i kommentarane til § 1.

Til § 4 Unntak frå plankrav

I visse tilfelle gjeld ikkje kravet etter føresegnene § 3 om at det skal liggje føre vedteken reguleringsplan før det kan gjerast vedtak om eigedomsinngrep etter veglova § 50. Unntaka er tekne inn i føresegnene § 4. Unntak frå kravet om vedteken plan inneber ikkje at saka skal fremmast utan planlegging. Som nemnt under § 1 i desse kommentarane, gjeld forvaltningslova §§ 16 og 17 om førehandsvarsling til dei som blir råka av vedtaket, og om forvaltningsorganet si utgreiingsplikt. Slik varsling og utgreiing er nødvendig for å ha grunnlag for å foreta interesseavveinga etter oreigningslova § 2. Dette fører til at vegstyremakta så langt det kan tenkjast å oppstå interessekonflikt, mellom anna må leggje saka fram for andre offentlege organ og instansar. Langt på veg inneber dette vanleg planbehandling for desse sakene òg.

For enkelte av dei tiltaka det er unntak frå plankravet for, kan det være krav om søknad og løyve etter § 20-1 i plan- og bygningslova, til dømes for å kunne gå i gang med bygging og for å kunne gjennomføre arealoverføring av erverva grunn. Så langt det er krav om slikt løyve, kan det vere aktuelt å kombinere denne med den saksbehandlinga som er nødvendig for å ha grunnlag for å foreta interesseavveinga etter oreigningslova § 2.

Som utgangspunkt kan det seiast at unntaket frå plankravet berre tyder at det ikkje trengst noko eige planvedtak. Etter at saka er førebudd, kan ein gå direkte på vedtak om eigedomsinngrep.

Både når det gjeld unntaket etter § 4 a og etter § 4 b er det eit vilkår at tiltaket ikkje er i strid med plan etter plan- og bygningslova. Slik strid har ein når tiltaket ikkje er i samsvar med det arealbruksformålet planane viser. Det kan anten gjelde ein reguleringsplan eller arealdelen til kommuneplanen. Om det er slik strid, kan ei løysing vere å søke om dispensasjon frå planen etter føresegnene i plan- og bygningslova kapittel 19. Saksbehandlinga som trengst i slike høve, kan kombinerast med den saksbehandlinga som trengst for å ha grunnlag for å foreta interesseavveinga etter oreigningslova § 2 og med den saksbehandlinga som er nødvendig etter § 20-1 i plan- og bygningslova.

Unntaket frå plankravet i pkt. a) for små inngrep i samband med vedlikehald, drift og mindre utbetringar av offentleg, er ein konsekvens av at det i «Retningslinjer for planlegging av riks- og fylkesvegar etter plan- og bygningsloven», utgitt av Miljøverndepartementet og Samferdselsdepartementet, ikkje er krav om reguleringsplan for slike tiltak.

Ettersom «mindre utbetringar» er det mest vidtgåande tiltaket det er gjort unntak frå plankravet for, blir rekkevidda av unntaksregelen i pkt. a) i praksis bestemt av kor vidt dette omgrepet kan tolkast. I dei nemnde retningslinjene for planlegging er det ikkje sagt noko om dette. Unntaket må gjelde vanlege forsterkingar med kurveutrettingar. Mindre tiltak i samband med bygging av busslommer vil òg kunne gå inn under unntaket.

Dersom tiltaka òg går ut på at det skal ervervast grunn til sikringssone, vil inngrepet kunne bli så stort at det ikkje går inn under unntaket i § 4. Avgjerande vil vere kor langt sikringssona – og dermed den nye eigedomsgrensa – strekkjer seg ut over noverande eigedomsgrense for vegen. Dersom sikringssona ikkje på nokon stad vil gå lenger ut enn tre meter frå eigedomsgrensa, vil det i dei fleste høve ikkje vere krav om plan. Der det likevel kan vere krav om plan sjølv om sikringssona ikkje går lenger ut, vil vere der inngrepet skjer over ein lang strekning slik at endringa i arealbruken samla sett blir stor, der inngrepet av ulike årsaker er særleg konfliktfylt eller der det skjer i område der arealverdiane er høge.

Dersom det i tillegg til sikringssona blir erverva ei sone på to meter utanfor, jf. Vegdirektoratets NArundskriv 2011/4, vil grensa på tre meter gjelde den samla bredda av sikringssona og tometerstillegget. Når det gjeld unntaket for små inngrep i samband med drift og vedlikehald, er dette tenkt å dekkje inngrep i samband med bygging av støyskjermar, skiltportalar, dreneringstiltak, mindre rassikringstiltak, målestasjonar og liknande utan at det blir gjort tiltak på sjølve vegen.

Kor omfattande saksbehandling som krevjast for slike tiltak som det ikkje er plankrav for, vil avhenge av kor store tiltaka er og av kva for interesser dei råkar. For små eigedomsinngrep i samband med vedlikehald og drift av veg, vil saksførebuinga venteleg i ei viss mon kunne innskrenkast til førehandsvarsling av den eller dei grunneigarane som blir råka av inngrepet.

I ein del tilfelle vil vegprosjekt som det er plankrav for, omfatte element som det er vanskeleg å vise innanfor ei naturleg grense for ein reguleringsplan. Døme på dette kan vere leidningar, lokale støytiltak og anleggsvegar. Unntaksregelen i pkt. b) er gitt for å gjere det klart at vedtak om eigedomsinngrep òg kan gjelde slike element sjølv om det er plankrav for prosjektet. Unntaksregelen er ein parallell til § 16-2 tredje ledd i plan- og bygningslova. Kravet til saksførebuing kan ein her enklast oppfylle ved å teikne tiltaka inn på kartskisser som følgjer reguleringsplanen under behandlinga av denne. Kartskissene kan ein eventuelt supplere med verbale forklaringar.

Når skjønnnet gjer vedtak etter veglova § 50 tredje ledd, gjeld ikkje forvaltningslova. Ein må leggje til grunn at desse sakene skal handsamast etter § 13 i oreigningslova.

Når det gjeld spørsmålet om fordeling av kostnader i samband med saksførebuing etter desse føresegnene, gjeld § 15 i oreigningslova.

Til § 5 Forholdet til kommunen

Kommunen kan etter veglova §§ 14 og 15 bli pålagt å stå for gjennomføringa av grunnerverv til riks- og fylkesveg, jf. føresegnene § 5. Dessutan har «den vegstyremakta som har heimel til å gjere vedtak om eigedomsinngrep», høve til å avtale med kommunen at denne skal gjennomføre eigedomsinngrepet, jf. føresegnene § 5, andre ledd. I dei fleste tilfella vil det vere regionvegkontoret som i samsvar med fullmakt vil gjere vedtak om eigedomsinngrep.

Utan særleg delegasjon etter veglova § 9 vil kommunale styremakter ikkje ha heimel til å gjere vedtak etter veglova § 50 for anna enn kommunal veg. I saker der grunnervervet skal gjennomførast av kommunen etter føresegnene § 5, første eller andre ledd, må regionvegkontoret såleis i regelen gjere vedtak om eigedomsinngrep på vanleg måte, så langt dette er nødvendig.

Når det er avgjort at kommunen etter føresegnene § 5, første eller andre ledd, skal stå for gjennomføringa av grunnervervet for riks- eller fylkesveg, treng ikkje kommunen særskilt fullmakt for å krevje skjønn med heimel i regionvegkontoret sitt vedtak om eigedomsinngrep, jf. føresegnene § 5, tredje ledd. Det er nok at det ligg føre ein dokumentasjon for at kommunen skal stå for gjennomføringa på vegne av vegstyremakta.

Dersom til dømes kommunen etter delegasjon har heimel til å gjere vedtak om eigedomsinngrep på fylkesveg, vil det vere kommunen som er «vegstyremakt» etter føresegnene § 5, første og andre ledd. I slike tilfelle vil føresegnene § 5, første ledd ikkje innebere anna enn at kommunen gjer vedtak etter veglova § 50, medan § 5, andre og tredje ledd naturleg nok ikkje får noko å seie, så lenge kommunen sjølv er vegstyremakt.

Føresegnene regulerer ikkje behandlingsmåten i samband med anke og skjønn. Når kommunen gjennomfører saka på vegner av vegstyremakta, anten dette skjer med heimel i veglova eller plan- og bygningslova, bør det samrådst i spørsmål om anke. Gjeld det riksvegsaker der staten skal dekkje grunnervervet, bør vegstyremakta avgjere om skjønn skal ankast. Korleis desse spørsmåla skal løysast innanfor ramma av reglane i «lov om mekling og rettergang i sivile tvister» av 17. juni 2005, nr. 90, bør avtalast med kommunen før arbeidet med saka tek til.

Til § 6 Fullmakt til å krevje skjønn

Det er opprettinga av selskapet Nye Veier AS 1. januar 2016 som er bakgrunnen for at denne paragrafen er tatt inn i føresegnene. Men slik paragrafen er utforma, er den ikkje avgrensa til å gjelde dette selskapet. Paragrafen vil òg gjelde dersom det vert etablert andre slike statlege utbyggingsselskap. Men den vil berre gjelde dersom eit statleg utbyggingsselskap for veg skal byggje riksveg. Den vil ikkje gjelde for eventuelle tilsvarande selskap som vert etablert for fylkesveg eller kommunal veg.

Heimelen i veglova § 50 til å gjere vedtak om eigedomsinngrep for byggjing, utbetring, vedlikehald og drift av riksveg ligg hos vegstyremakta. Etter gjeldande delegasjon vil dette seie regionvegkontoret. Det er dermed regionvegkontoret som vil vere ekspropriant sjølv om eit utbyggingsselskap skal stå for byggjinga av riksvegen. Dette betyr at det i utgangspunktet er regionvegkontoret som har heimelen til å krevje ekspropriasjonsskjønn basert på eit ekspropriasjonsvedtak etter veglova § 50.

For at utbyggingsselskapet skal kunne krevje ekspropriasjonsskjønn og stå for gjennomføringa av skjønnet, er det gitt ein heimel i § 6 i føresegnene.

Det går òg fram av denne paragrafen at det er Staten ved utbyggingsselskapet som er part i saka. Staten ved regionvegkontoret er altså ikkje part sjølv om det er regionvegkontoret som har gjort vedtak om ekspropriasjon. At det er Staten ved utbyggingsselskapet som er part, gjeld òg ved skjønn som er basert på avtale med heimel i skjønnsprosesslova § 4 første ledd og ved skjønn som grunneigarar krev med heimel i skjønnsprosesslova § 4 andre ledd. Det å vere part i ei sak for domstolane har fleire prosessuelle konsekvensar. Det gjeld både kven som har høve til å gjere prosesshandlingar og kven som har ansvaret for sakskostnader. Det er derfor viktig at det går klart fram kven som er part når det blir kravd skjønn.

Andre og tredje setning i § 6 inneber at utbyggingsselskapet har dei prosessuelle rettane og pliktene som følger med partsstatusen, sjå særleg skjønnsprosesslova, tvistelova og domstolslova. Dette betyr til dømes at dei prosessuelle val som partane må ta under saksførebuinga og ved gjennomføringa av skjønnet, ligg til utbyggingsselskapet. Det gjeld òg kontakten mot domstolen om dei praktiske sidene ved gjennomføringa av skjønnet. Det er òg utbyggingsselskapet som engasjerer prosessfullmektig og som ber kostnadane med skjønnsprosessen som blir pålagt saksøkaren.

Når det gjeld dei rettane utbyggingsselskapet har som part i saka, er det gjort eit viktig unntak i siste setning i § 6. Der går det fram at det er vegstyremakta som avgjer spørsmålet om anke og om det skal krevjast overskjønn. All bruk av rettsmiddel i samband med skjønnsprosessen er dermed lagt til vegstyremakta. Utbyggingsselskapet kan berre nytte rettsmiddel etter at vegstyremakta har gitt samtykke til det.

For dei sakene der utbyggingsselskapet er part, gjeld derfor det same som for andre riksvegsaker. Det er regionvegkontoret som tek stilling til om det skal nyttast rettsmiddel mot avgjerder i tingretten, og Vegdirektoratet som tek stilling til om det skal nyttast rettsmiddel mot avgjerder i lagmannsretten. For å kunne dokumentere at det er rett styremakt som har tatt avgjerd om bruk av rettsmiddel, må slike avgjerder vere skriftlege.

Til § 6 Når føresegnene tek til å gjelde

Av paragrafen går det fram når føresegnene, slik dei ble vedtatt ved kongeleg resolusjon av 11. september 1981, tok til å gjelde. Ved kongeleg resolusjon av 27. august 2004 blei §§ 3 og 4 i føresegnene endra. Desse endringane tok til å gjelde straks. Ved same kongelege resolusjon blei myndigheit til å vedta føresegner om eigedomsinngrep til vegformål etter vegloven § 50 delegert til Samferdselsdepartementet. I medhald av denne delegasjonen vedtok Samferdsledepartementet 6. mai 2014 endringar i §§ 3 og 4 i føresegnene. Endringane var bare av teknisk art og skyldtes at vi har fått ein ny plan- og bygningslov. Også desse endringane tok til å gjelde straks. Det går elles fram av fotnotar kva for paragrafer som er endra.



www.vegvesen.no/Fag/Publikasjoner/Handboker

ISBN 978-82-7207-678-7

Trygt fram sammen